



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for
framandspråk

Jobbnorge-ID: 97688

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Universitetslektor i russisk - vikariat i 50% stilling

Ved Institutt for framandspråk ved Universitetet i Bergen er det ledig ei 50 % stilling som universitetslektor i russisk. Stillinga er eit vikariat som strekkjer seg over perioden 1. januar 2014 til 30. juni 2015.

Arbeidsoppgåver

Den som vert tilsett, må kunne undervise innanfor russisk språk, litteratur og kultur på bachelornivå, og også ta undervisning på masternivå, primært innanfor språklege disiplinar.

Kvalifikasjonskrav

Søkjarar må ha norsk mastergrad i russisk språk eller litteratur, eller tilsvarende kompetanse samt relevante forskingskvalifikasjonar utover mastergrads- eller hovudfagsnivå og/eller relevant yrkespraksis. Det vert lagt vekt på karakteren på masteroppgåva, på pedagogiske kvalifikasjonar og på brei og relevant undervisningserfaring. Doktorgrad innanfor eit relevant fagfelt er ein føremon. Blir ein søkjar med doktorgrad tilsett, blir det tilsetjing som førsteamanuensis med same undervisningsplikter som lektor.

Undervisningsspråka er russisk og norsk, medan administrasjonsspråket ved instituttet er norsk. Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen tilsvarende stillingsprosenten, og rettar seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Løn

For universitetslektor løn etter lønsssteg 47-59 (Kode 1009/LR 25) i statens lønsregulativ etter tenesteansiennitet.

Ved tilsetjing som førsteamanuensis løn etter lønsssteg 57 (kode 1011/LR 24) i statens regulativ. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til pålagt medlemskap i Statens pensjonskasse.

Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiaren ved Institutt for framandspråk, professor Leiv Egil Breivik på telefon 55 58 23 63 eller e-post leiv.breivik@if.uib.no, eller til koordinator for russiskfaget, førsteamanuensis Brita Lotsberg Bryn på telefon 55 58 29 91 eller e-post brita.bryn@if.uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Slik søker du stillinga

Søknad saman med cv skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN».

Dette må følgje søknaden:

1. Søknadsbrev
2. Vitnemål frå universitet/høgskule og attestar (skanna versjon av originalar eller stadfesta kopiar)
3. Eventuelle evalueringsrapportar e.l.a. for eiga undervisning
4. Namn og kontaktinformasjon på tre referansepersonar (her vil det vera særleg relevant med personar som kan vurdere undervisningsarbeid og pedagogiske kvalifikasjonar)

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

Det kan sendast inntil tre populærfaglege og praksisretta arbeid, t.d. læremiddel.

Desse kan sendast i 3 eksemplar per post til: Universitetet i Bergen, Institutt for framandspråk, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Søkjarar kan bli kalla inn til intervju og eventuelt prøveforelesing.

Søknadsfrist: 10.11.2013

Søknaden skal merkast: 13/11321

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: